

Gunnar Skirbekk

Språktvang og begrepsfattigdom.

På 1730-talet bestemte den dansk-norske stat at all norsk ungdom, gutar og jenter, måtte konfirmere seg. Då måtte dei lese Bibel og katekisme, på dansk. Og dei måtte svare for seg, på kyrkjegolv, med heile kyrkjelyden nærverande, på dansk. Dei som ikkje bestod prøva, fekk ikkje gifte seg. Dette er før prevensjonen. Så dette var alvor. Og tvang, i statleg regi. Språktvang. I skrift og tale. Og dette vara i lang lang tid, i norsk historie.

Og diktarane? Kva skreiv dei? Dansk, sjølv sagt – dei aller fleste. Frå Ibsen og Bjørnson og framover. På slutten av 1800-talet publiserte nesten alle norske diktarar i Danmark, på dansk. For, som Bjørnson sa, i 1899: «Jeg holder det for et Gode, at vi deler Skriftsprog med Danskerne». Ja, for då fekk ein fleire lesarar og inntekter til å leve av. I siste halvdel av 1800-talet publiserte eit 90-tals norske forfattarar i Danmark, på danske forlag, på dansk. Så marknadskreftene skal ein ikkje kimse av. Marknaden har makt. Marknaden kan tvinge.

I dag har vi ny teknologi og digitale plattformer, i regi av internasjonale konsern, som Google, der det finst omsetjingsprogram for 93 språk, mellom anna luxemburgsk (der fransk og tysk er offisielle språk), jiddisch, esperanto (!), skotsk gælisk (visstnok brukt av omkring 58.000 personar), latin (!), galisisk (i tillegg til portugisisk), frisisk (i tillegg til nederlandsk), katalansk, korsikansk, fransk-kreolsk (i tillegg til fransk), og afrikaans (i tillegg til nederlandsk). Men ikkje nynorsk. Så teknologien har makt. Teknologien kan tvinge.

Enkle sjeler trur enno at makt og tvang i moderne samfunn er avgrensa til politiske og rettslege vedtak. Dei har ikkje fått med seg den makt og tvang som ligg i marknadskrefter og moderne teknologi, og heller ikkje makt i form av sosial kapital, slik vi kjenner det frå Bourdieu og frå samfunnsvitskap og psykologi meir allment.

Oppi alt dette talar Arve Waage, igjen og igjen, om 'tvangsnynorsk'. Tvang? Ja, fordi det finst demokratisk voterte lover om språkbruk her i landet, liksom det finst lover og vedtak om biltrafikk og munnbind og mangt anna. Alt det andre får han heller ikkje med seg. Kort sagt, nokså begrepsfattig. Men i moderne samfunn er det yringsfridom, så kvar og ein står fritt til å eksponere sin eigen begrepsfattigdom i det offentlege rom. Ingen tvang, i så måte. Men slike begrepsfattige personar ville jo ikkje ha stått til eksamen, i fag som drøftar tvang og makt i moderne samfunn.